



Kva er vel ein 17. mai utan korpsmusikk? Her er skulekorpset i aksjon på nasjonaldagen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Uskedalen har no eit godt skulekorps, men kulturskulen kan melda at berre ein har søkt aspirantopplæring kommande skuleår. Dette er både overraskande og skuffande og eit trugsmål mot framtida til skulekorpset, seier representantar for leiinga til uskedalen.no.

Også dette året er det berre ein aspirant og det var venta fleire etter mange år med god rekruttering. Det tolest ikkje så liten tilgang over fleire år og difor kan det sjå dystert ut for skulekorpset sin eksistens nokre år fram i tid. Korpset bør tilbake til "gammalt nivå" på fem-seks aspirantar i snitt i året for å oppretthalda omkring 25 musikantar.

Skulekorpset sine musikantar held no eit godt musikalsk nivå samanlikna med jamnaldringar. Det er noko som merkast i samlingar med andre korps. Derfor burde utsiktene ha vore gode. Situasjonen gjer at det i desse dagar blir sendt ut eit nytt skriv gjennom skulen til aktuelle aspirantar med foreldre.

Dei er så heldige i Uskedalen at dei framleis har ein så flink instrumentlærer som Clive Andersson. Han har vore her i ei årrekke og sikrar toppkvalitet på opplæringa. Hvis søknadane uteblir, risikerer ein å misse han til andre bygder, held musikkskuleleiinga fram.

Sjølv om søknadsfristen i kulturskulen har gått ut, kan ein likevel søkja. Det har musikkskulerektor Rolf Lothe varsla. Clive Andersson har ledige timar og hvis fleire søkjer er dei og sikra at opplæringa vert i Uskedalen.

Randi G. Zimmer (53486556/95178463), Kari Anne Halvorsen (53486725/92665680) og Torunn Døssland (53486575/90533304) kan gje informasjon til interesserte.

Av Ola Matti Mathisen